| | |
|---|---|
| **Fra:** | Bjorn Tore Hesjedal <Bjorn.T.Hesjedal@gsk.com> |
| **Sendt:** | tirsdag 17. januar 2017 11:24 |
| **Til:** | Torsvik Eva-Beate Rundereim; firmapost@bof.no; post@bergen-turlag.no; firmapost@bkk.no; fiskarlaget@fiskarlaget.no; hordlanad@fnf-nett.no; post@frifo.no; fmhopostmottak@fylkesmannen.no; hordaland@bondelaget.no; hfk@post.hfk.no; post@kystverket.no; hhena@online.no; arntbrakstad@gmail.com; hordaland@naturvernforbundet.no; ngir@ngir.no; s-sju@online.no; post.hordaland@politiet.no; post@smabrukarlaget.no; geir-smi@online.no; rv@nve.no; kabelnett@telenor.com; Firmapost-Vest |
| **Emne:** | RE: Sender e-post: 16-191656-2 Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv |

Hei

Idrettsrådet i Meland er opptatt av at myke trafikanter som gående og syklister skal kunne ferdes trygt på veien til og fra skole og selvsagt trygt til og fra fritidsaktiviteter både sommer og vinters tid. Vårt største idrettsanlegg som ligger på Fossemyra vil innbefattes i denne utbyggingen. Slike hensyn ser vi som en forutsetning for en stor veibygging i vårt nærmiljø.

Vi ønsker dere lykke til

Bjørn Tore Hesjedal
Leder Meland Idrettsråd

-----Original Message-----
From: Torsvik Eva-Beate Rundereim [mailto:eva-beate.rundereim.torsvik@vegvesen.no]
Sent: 16. januar 2017 17:21
To: firmapost@bof.no; post@bergen-turlag.no; firmapost@bkk.no; fiskarlaget@fiskarlaget.no; hordlanad@fnf-nett.no; post@frifo.no; fmhopostmottak@fylkesmannen.no; hordaland@bondelaget.no; hfk@post.hfk.no; Bjorn Tore Hesjedal; post@kystverket.no; hhena@online.no; arntbrakstad@gmail.com; hordaland@naturvernforbundet.no; ngir@ngir.no; s-sju@online.no; post.hordaland@politiet.no; post@smabrukarlaget.no; geir-smi@online.no; rv@nve.no; kabelnett@telenor.com; Firmapost-Vest
Subject: Sender e-post: 16-191656-2 Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv

EXTERNAL

Se vedlegg, varsel om oppstart av reguleringsplan "Detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr 25 bnr 170 m.fl. ", plan ID 1256 20160012.
Merknadsfrist 17 februar.
NB svar og merknader skal sendes til Constrada AS v/ Paul Skarsvåg, Nesttunvegen 102, 5221 Nesttun, evt. på epost til: post@constrada.no.

Med vennlig hilsen
Eva-Beate Rundereim Torsvik

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Besøksadresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN

Mobil: +47 55 51 67 19
http://www.vegvesen.no  e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

16-191656 HOVEDDOKUMENT: Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse-Moldekleiv
16-191656-2 VEDLEGG: Grunneigarliste fv. 245 Fosse - Moldekleiv. Varsel om oppstart
16-191656-2 VEDLEGG: Høyringsinstansar fv. 245 varsel om oppstart
16-191656-2 VEDLEGG: Plangrense fv. 245. Varsel om oppstart

GSK monitors email communications sent to and from GSK in order to protect GSK, our employees, customers, suppliers and business partners, from cyber threats and loss of GSK Information. GSK monitoring is conducted with appropriate confidentiality controls and in accordance with local laws and after appropriate consultation.

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no
**Sendt:** tirsdag 17. januar 2017 11:21
**Til:** Firmapost-Vest
**Kopi:** Meland kommune
**Emne:** Oppstartsmelding - Meland - Gnr 25 bnr 170 m fl - Fosse - Moldekleiv - Fv 245 - Detaljregulering

Vi viser til brev av 16.06.17 og varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr. 25 bnr. 170 m.fl. Planen skal leggje til rette for utbetring av delar av fv. 245, og etablering av gang- og sykkeltilbod på strekninga Fosse - Moldekleiv. Framlegget til plan vil og streve etter oppstramming og utbetring av avkøyrsle og kryss langs heile strekninga og oppgradering av kollektivhaldeplassar. I tillegg vil ein i planarbeidet vurdere behov for anleggsbelte langs fylkesvegen, deponi for ubrukbare massar og mellombels riggområde i naudsynt grad. Planområdet er på ca. 700 dekar.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar. Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

ROS-analyse
Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Landbruk
Vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattryggleik og auka matproduksjon. Den nasjonale jordvernstrategien har som mål at det årleg skal omdisponerast mindre enn 4000 dekar dyrka jord i Noreg fram mot 2020. Kommunane har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernmålet vert nådd. Vi viser elles til nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging der det går fram at kommunane bør trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstadområde og store samanhengande LNF-område. I følge markslagkart AR5 er det klassifisert både overflate dyrka og fulldyrka areal langs strekninga. Det må den vidare planlegginga takast omsyn til desse landbruksareala.

Naturmangfald
Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7

til 12.

mvh

Jan Vidar Voster
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland

Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Constrada
Nesttunvegen 102
5221 NESTTUN

Vår dato: 09.02.2017
Vår ref.: 201700324-3
Arkiv: 323
Dykkar dato: 16.01.2017
Dykkar ref.: 16/191656-2

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

# Innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Fv245 Fosse- Moldekleiv - GBnr 25/170 mfl - Meland kommune

Vi syner til brev frå Statens Vegvesen datert 16.01.2017. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Fv245 Fosse Moldekleiv i Meland kommune

Ved eventuelle kryssingar av bekkane må bruer og kulvertar planleggast med tilstrekkeleg kapasitet. Hyppigare episodar med ekstremnedbør har ført og vil ytterlegare føre til auka skadar som følgje av overvassflaumar. Tilstopping av bruer og kulvertar kan føre til at flaumvatnet tek nye vegar på overflata langt unna naturlege bekkelaup, og gi store skadar på bygningar nedanfor. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km$^2$ må en rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 – 100 år.

Ein høgspentleidning som er ein del av regionalnettet kryssar planområdet ved Moldekleiv. Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Slike større høgspenningsliner og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL § 11-8 d/kode H740) i plankartet.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

# Meland kommune

ConStrada AS
v/Paul Skarsvåg

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Randi Helene Hilland | 10.02.2017 |
| Vår: 17/136 - 17/2632 | randi.hilland@meland.kommune.no | |

## Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

ConStrada AS

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Randi Helene Hilland | FA - L12 | 17/136 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 09/2017 | Eldrerådet | PS | 09.02.2017 |

**Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv**

**Vedlegg:**
16-191656 Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv
Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**
Det ligg føre varsel om oppstart av planarbeid for fv. 245 Fosse – Moldekleiv.

Frist for å kome med merknader er sett til 17. februar 2017.

**<u>Eldrerådet - 09/2017</u>**

**ER - behandling:**

**ER - samrøystes vedtak:**

Eldrerådet tar planen til orientering. Det planlagde grøntarealet mellom vegbane og gang- og sykkelveg må sløyfast, for elles går det med for stort areal.
Viktig å lage gode omkøyringsvegar i anleggsperioden som må vere klare til anleggsstart.

**Statens vegvesen**

Constrada epostmottaker

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Marianne Skulstad / 55516253 | 16/191656-7 | Fv. 245 Fosse-Moldekleiv | 13.02.2017 |

## Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr. 25 bnr. 170 m.fl.

Vi viser til varsel om start av reguleringsplanarbeid for «Detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr 25 bnr 170 m.fl.», planID 1256 20160012.

Prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken, og skal også omfatte reguleringsplan for Fossekrysset, kryss mellom fv. 564 Rosslandsvegen og fv. 245 Ådlandsvegen. Statens vegvesen har bestilt planarbeidet på vegne av Hordaland fylkeskommune, som er vegeigar. ConStrada AS er utførande konsulent.

Hensikt

Planen skal leggje til rette for utbetring av delar av fv. 245, og etablering av gang- og sykkeltilbod på strekninga Fosse - Moldekleiv. Framlegget til plan vil òg vurdere oppstramming og utbetring av avkøyrsle og kryss langs heile strekninga, og oppgradering av kollektivhaldeplassar. Naudsynt anleggsbelte, deponi og mellombels riggområde vil òg verte vurdert.

Statens vegvesen slutter seg til målsetnadene for planarbeidet.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Ruth Synnøve Røvik-Larsen
Langflåtveien 34A
4017 STAVANGER

Constrada AS /v
Paul Skarsvåg
Nesttunvegen 102
5221 Nesttun

***Merknader til oppstartsmelding – Detaljregulering fv. 245 Fosse – Moldekleiv, gnr 25 bnr 170 m.fl.***

*Stavanger 08.02.17*

Det vises til mottatt brev, datert 16.01.17 der dere varsler oppstart av utarbeidelse av reguleringsplan for ovennevnte.

Ut fra varsel forstås det at det er utbyggers hensikt å øke trafikksikkerheten på fv 245 på strekningen mellom Fosse – Moldekleiv som en del av Tiltaksplan for trafikksikring 2017-2020

Undertegnede står som eier av hytte m/tilhørende tomt på Gnr 025 Bnr 065, og ut fra plangrense blir vi berørt av dette. Det noteres også at denne plan i store trekk erstatter plan tilbake fra 2009 Hatleberget til Skarpneset
Ut fra et samferdselsmessig synspunkt er det naturlig at det sees på eksisterende veistrekning da vi som eiere av eiendommen siden 1960 tallet har vært vitne til en formidabel økning i trafikkk på strekningen. Det registreres også at veien er usikret og til dels farlig å ferdes på iom manglende gangvei, og gående må ferdes rett på hovedveien.

Imidlertid ses det med bekymring på noen punkter som vi ønsker å trekke fram og som vi ber dere ta med i videre detaljregulering:

1. Hytte med Gnr 025 Bnr 065 ligger allerede tett til vei. Ved å bredde vei og legge til sykkel/gangsti vil det slik vi kan se saken uten at det pr nå er skissert omfang – med overhengende stor sannsynlighet innebære ekspropriering av arealer fra ovennevnte eiendom. Dette vil i så fall innebære for det første en direkte verdiforringelse med å få

veien tettere til bygninger. Et annet aspekt er det faktum at det vil i særlig grad legge begrensinger på eventuelle fremtidige ønsker om å etablere bedre parkeringsmuligheter til eiendommen.

2. Det nevnes at adkomst til eiendom går rett fra eksisterende vei og vil med en utvidelse mot vest sannsynligvis måtte re-etableres.
3. Støyskjerming / Beplantning
4. Forstøtning- fundamentering – bratt terreng, behov for forstøtningsmur. Drenering fra områdene må ivaretas.

Det foreslås å se på muligheter for å etablere en alternativ trase for ny sykkel/gangvei Vest for eksisterende eiendom, og at en utvidelse av fv 245 gjøres på østsiden av allerede eksisterende vei f.eks ved å benytte brofundamenter på bratte partier.

Med hilsen

Ruth Synnøve Røvik-Larsen

Synnøve Røvik-Larsen

Trond Oddekalv

Åse Grønsnes

Midtsundet 3

ConStranda AS

v/Paul Skarsvåg

Nesttunvegen 102

5221 Nesttun

DETALJREGULERING FV. 245 FOSSE – MOLDEKLEIV, GNR 25 BNR 170 M-FL.

HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN

Syner til brev, datert 16-01.17 – varsel om oppstart av planarbeid.

Då denne planen vil føra til inngrep på vår eigedom, gnr. 26, bnr 50 , har me merknadar:

- Me vonar å verta møtt med forståing for at det vert føreteke målingar og registreringar av huset vårt før utvidinga av vegen, dette med tanke på ev. setningsskadar og meir etter sprengearbeidet.
- Me tenkjer også at De må oppføra ny mur (både høgd og avslutning etter utviding) på vår eigedom.

Som innbyggjar på strekninga ynskjer me at fylgjande vert teke omsyn til:

- At kulturminner langs traseen vert godt ivaretekne, t.d. potetkjellaren og elvemurane.
- Me ynskjer ikkje at ny utvida veg skal leggja til rette for auka fartsgrenser. Me vil at fartsgrensa skal skal vera 50 km/t også i framtida, då dette framleis vil vera skuleveg, og vegen vil ha mange krysspunkt for alle som nyttar lia, utmarka og fjellet.
- Det hadde også vore fantastisk flott om gang og sykkelstien vart lagt på den andre sida av elva, t.d. frå Litlebergen til Moldekleiv. Ein slik veg vil vera av stor verdi for turgåarar, mosjonistar og syklistar. Den vil gjera utmarka meir tilgjengeleg og vil kanskje leggja til rette for ulik aktivitet og turliv. Meland manglar ein tilrettelagt turveg, og me har tru på at gangvegen vil verte godt nytta.
- Ønskje om tilretteleggjing for turgåarar til Krossfjellet frå Midtsundet.

Beste helsing

Åse Grønsnes og Trond Oddekalv

**Fra:** Ole Johan Sæverås
**Sendt:** torsdag 16. februar 2017 14:43
**Til:** Paul Skarsvåg; Tove Patterson
**Emne:** Fwd: Merknad til oppstart regileringsplan fv 245 Fosse - Skarpeneset

Mvh

Ole Johan Sæverås

Videresendt melding:

> **Fra:** Leiv Jan Fosse <fmeigedom@gmail.com>
> **Dato:** 16. februar 2017 kl. 10.57.34 CET
> **Til:** post@constrada.no
> **Emne: Merknad til oppstart regileringsplan fv 245 Fosse - Skarpeneset**
>
> Constrada a\s v\Paul Skarsvåg
>
> Merknader detaljregulering fv. 245 Fosse-Moldekleiv,gnr 25 bnr 170 m.fl.
> Undertegna er eier av gnr 25 bnr. 1 og gnr. 25 bnr. 17 i Meland kommune.
> Eier og gnr. 25 bnr. 19 som har avkjørsel til fylkesveien i Fossekrysset.
> Denne avkjørselen er idag problematisk\trafikkfarlig og må vuderest leggest om, samme avkjørsle går inn til fellesareal ved sjøen for gårdsbrukene på Fosse. Gårdsnummer 17 er under regulering til bolig og neringsformål, i den forbindelse kan en vurdere å legge ett riggområde\deponi for masser her.
>
> Med helsing
> Leiv Jan Fosse

**Fra:** Aud Sølvi Fosse Drengenes <terjedre@online.no>
**Sendt:** fredag 17. februar 2017 14:47
**Til:** Paul Skarsvåg
**Emne:** Re: Merknad til varsel om oppstart av planarbeid - detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr 25 b 11 og 16
**Vedlegg:** Gnr 25 bnr 11 sin eigedom ved Fossesjøen.pdf

Hei

Vedlagt fylgjer utsnitt av gardskart for gnr. 25 bnr. 11.

Venleg helsing

Aud Sølvi Fosse Drengenes

**From:** Paul Skarsvåg
**Sent:** Friday, February 17, 2017 1:15 PM
**To:** terjedre@online.no
**Subject:** RE: Merknad til varsel om oppstart av planarbeid - detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr 25 b 11 og 16

Hei!

Bekrefter at vi har mottatt merknader, men vedlegget har visst falt av på veien.
Kan du sende det direkte til meg?

Mvh

Paul Skarsvåg
Mob: 48 35 48 00
E-post: pvs@constrada.no

---

**Emne:** Merknad til varsel om oppstart av planarbeid - detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr 25 b 11 og 16

Til ConStrada AS v/Paul Skarsvåg

Syner til motteke varsel om oppstart av planarbeid fv. 245 Fosse – Moldekleiv.

**Merknad:**
Gnr. 25 bnr.11 har eigedom ved Fossesjøen nedanfor eksisterande fylkesveg. Det er i dag opning i vegrekkverket og det går ein sti ned til eigedomen. Gnr. 25 bnr. 63, som er har adresseskilt ved fylkesvegen, er frådelt frå vår eigedom ved skyldskifte 21.06.1958.

Vedlagt ligg utsnitt av gardskart, som syner plassering av bnr. 11 sin eigedom ved Fossesjøen.
Detaljreguleringa må ta omsyn til bnr 11 sin eigedom ved Fossesjøen og sikra at tilkomst til eigedomen vert ivareteken.

Gnr. 25 bnr. 11 og 16 er medeigar i gnr. 25 sitt fellesareal ved Fossesjøen. Fellesarealet til gardane sine interesser må ivaretakast i reguleringsplanen.

Ber om å få bekrefta at merknadene er motteken.

Venleg helsing

Aud Sølvi Fosse Drengenes




0 5 10 15m

Målestokk 1 : 750 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 17.02.2017

GÅRDSKART 1256-25/11

Tilknyttede grunneiendommer:

25/16 - 25/11

NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 13 klasser

| TEGNFORKLARING | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|
| Fulldyrka jord | 16.8 | |
| Overflatedyrka jord | 34.5 | |
| Innmarksbeite | 19.6 | 70.9 |
| Skog av særs høg bonitet | 110.7 | |
| Skog av høg bonitet | 55.7 | |
| Skog av middels bonitet | 0.0 | |
| Skog av lav bonitet | 0.0 | |
| Uproduktiv skog | 7.7 | 174.1 |
| Myr | 12.5 | |
| Åpen jorddekt fastmark | 17.9 | |
| Åpen grunnlendt fastmark | 19.0 | 49.4 |
| Bebygd, samf, vann, bre | 1.6 | |
| Ikke klassifisert | 0.0 | 1.6 |
| Sum: | 296.0 | 296.0 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser

Morgendagen er her | bkk.no

BKK

ConStrada AS
att. Paul Skarsvåg
Nesttunvegen 102
5221 NESTTUN

Deres ref.:
Vår ref.: 11809287

Dato: 17.02.2017

**Merknader til varsel om oppstart av planarbeid, detaljregulering Fv. 245 Fosse-Moldekleiv**

BKK Nett viser til mottatt varslingsbrev fra Statens vegvesen Region vest om ovennevnte planarbeid, ref. 16/191656-2 og datert 16.01.2017. I samsvar med varselet sendes merknader oppstarten av planarbeidet til ConStrada.

BKK Nett AS har etter energiloven områdekonsesjon i Meland kommune. Dette innebærer at vi etablerer og drifter strømnettet i kommunen (høyspent og lavspent fordelingsnett). I tillegg har BKK Nett anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon innenfor kommunen.

På denne bakgrunn gjør vi oppmerksom på at det i dette planområdet må tas høyde for de anlegg som det er nødvendig for oss å etablere og drifte.

**Oversikt over elektriske anlegg i planområdet**
BKK Nett har elektriske anlegg i det aktuelle planområdet som vist på vedlagte kart. Kartet kan brukes under følgende forutsetninger:

- Brukes kun som underlag for forespurt planarbeid
- Bør slettes etter bruk - husk at nettet endrer seg kontinuerlig
- Må ikke oversendes andre uten netteiers samtykke
- Må ikke anses som kabelpåvisning.

På vedlagt kart er eksisterende nettstasjoner anmerket med røde firkanter, 22 kV luftledninger er tegnet med røde stiplede streker, 22 kV kabler som heltrukne røde streker, og 132 kV ledning med blå stiplet strek.

**Hensyn til eksisterende 132 kV kraftledning Seim-Meland**
Planområdet og omhandlede fylkesvei krysses av eksisterende 132 kV kraftledning Seim-Meland. Denne kraftledningen er bygget og driftes i medhold av anleggskonsesjon, jf. energiloven § 3-1 første ledd. Kraftledninger som er underlagt anleggskonsesjon, er unntatt fra de fleste av Plan- og bygningslovens bestemmelser, og for disse kraftledningene kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema. Utgangspunktet er derfor at kraftledninger bygget i medhold av anleggskonsesjon i en reguleringsplan ikke skal inntegnes som et planformål, men bør innarbeides som *hensynssone*, jf. Plan- og bygningsloven § 12-6.

Byggeforbudsbeltet langs kraftledningen Seim-Meland er totalt 30 meter, 15 meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen. Hensynssonen kan med fordel reflektere byggeforbudsbeltets bredde.

Det er som utgangspunkt ikke ønskelig å måtte flytte eller kable omhandlede kraftledning. BKK Nett må oppstille en del vilkår for at eventuell omlegging av kraftledningen skal kunne vurderes:

- Det må i planen settes av plass til ny trasé.
- Det er den som krever å få høyspenningsanlegget flyttet eller erstattet, som må bære alle kostnadene med omleggingen. BKK Nett må kreve full kostnadsdekning.

- Ny trasé må gis rettigheter med minst like gode vilkår som det BKK Nett har til de eksisterende traseene, i dette tilfellet stetsevarige (alltidvarende) servituttrettigheter. Den som krever anlegget flyttet, må dekke eventuelle kostnader til erverv av nye rettigheter.
- Eventuelle nye kabler eller luftledning som skal erstatte eksisterende anlegg, må minimum ha overføringskapasitet som tilsvarer den kapasiteten anlegget har i dag.
- Eventuelle krav om omlegging av eksisterende anlegg må meldes inn til BKK Nett i god tid før omlegging må være ferdig utført. Omlegging kan være en tidkrevende prosess, og det er en fordel om det tas hensyn til dette ved utarbeidelse av eventuelle bestemmelser om særskilt rekkefølge for gjennomføring av de enkelte tiltakene i planen.
- Dersom tiltak skal gjøres på omhandlede kraftledning, må det påregnes at det kan bli nødvendig å stille krav om tider på året som utkobling må være avgrenset til og hvor lenge ledningen kan være utkoblet. Dette begrunnes med behovet for kontinuerlig forsyning av strøm til kundene, jf. også leveringsplikten i energiloven § 3-3.
- Omlegging av overføringer med spenning høyere enn 24 kV fordrer at BKK Nett søker NVE om endringer i de respektive anleggskonsesjonene for anleggene. Endring i anleggskonsesjon fordrer blant annet at det finnes ekstern evne og vilje til full kostnadsdekning, slik at nettkundene ikke belastes omleggingen. Utfallet av en konsesjonsbehandling kan ikke foregripes.

**Hensyn til høyspent distribusjonsnett**
Innenfor planområdet har BKK Nett flere 22 kV luftledninger, 22 kV jordkabelanlegg og nettstasjoner. Disse høyspenningsanleggene inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi, og er nødvendige komponenter i den lokale strømforsyningen. Nevnte anlegg er bygget i medhold av områdekonsesjon, jf. energiloven § 3-2. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

Flere av 22 kV luftledningene krysser over fylkesveien, og kan komme i konflikt med tiltaket som planlegges.

Dersom planen skal forutsette omlegging av eksisterende høyspenningsanlegg, må det settes av plass til nye traseer for ledninger og/eller kabler og areal til nettstasjoner.

Vi gjør videre oppmerksom på at det som hovedregel er den som ønsker å få et høyspenningsanlegg omlagt eller flyttet, som selv må bære kostnadene med dette. BKK Nett vil måtte kreve full kostnadsdekning.

Det kan være interessant for BKK Nett å se på muligheten for legging av jordkabel i gang- og sykkelvei. BKK Nett ønsker en tidlig dialog rundt dette temaet.

**Kontaktinformasjon**
Dersom planlegger eller tiltakshaver ønsker flere opplysninger eller vil inngå i dialog om distribusjonsnett, kan det tas kontakt med BKK Nett ved områdeansvarlig Jon Egil Einestrand
på telefon 951 63 868 eller e-post Jon-Egil.Einestrand@bkk.no.
Spørsmål vedrørende nettanlegg underlagt anleggskonsesjon bes rettet til Per Ivar Tautra
på telefon 986 60 768 eller e-post per.tautra@bkk.no.

Det er viktig at eventuelle behov for forsterkninger, endringer eller omlegginger av elektriske installasjoner blir tilkjennegitt på et tidlig tidspunkt.

Vennlig hilsen
BKK NETT AS

Margrethe Slinde
Margrethe Slinde
seksjonssjef

Per Ivar Tautra
spesialrådgiver

KYSTVERKET
Vest

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkiv nr.: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 2017/294-3 | | Lene Røkke Mathisen | 19.01.2017 |

**Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid - Detaljregulering - Fv. 245 Fosse- Moldekleiv - Meland kommune - Hordaland fylke**

Syner til brev, datert 16.1.2017, vedkomande ovannemnte.

Føremålet med planen er å leggje til rette for utbetring av delar av fv 245 samt leggje til rette for fotgjengarar og syklistar.

Delar av planområdet går ut i sjø og rører ved bilei 2257 - Flatøyosen. Me ynskjer å gjere merksame på at alle tiltak som kan påverke sikkerheit eller framkomelegheit i sjøområda krev løyve etter hamne og farvasslova og det er Kystverket som er myndigheit her. Me ber om at dette vert tatt inn i føresegnene.

Kystverket ynskjer planen på høyring når denne føreligg.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

Kristine Fluge og Haakon Aase,
Gnr/bnr.: 26/5, 26/17, 26/28, 26/29, 26/46, 26/72, 26/117, 26/127
Litlebergen 29,
5918 Frekhaug

**Constrada AS**
**v/Paul Skarsvåg**
**Nesttunvegen 102**
**5221 Nesttun**

**Detaljregulering fylkesveg 245 Fosse – Moldekleiv, gnr. 25 bnr. 170 m. fl.**

Viser til brev av 16/1-17, jamfør referanse 16/191656-2, samt informasjonsmøte i Meland Rådhus den 31/1-17.

MERKNADER KNYTT TIL ULIKE SIDER VED DETALJREGULERINGA

Me er busette på Litlebergen og driv aktivt jordbruk på gnr. 26 bnr. 5 med tilhøyrande eigedomar. Me har fleire innspel til planarbeidet, og vel å nummerera dei.

1: Litlebergen er eit lokalsamfunn, frå gamalt av ein «strandstad» og no ein liten **tettstad** med ei kulturhistorie som strekkjer seg langt tilbake i tid. Her ligg husa tett på vegen, og Litlebergen er først og fremst eit bustadområde og ikkje ei gjennomfartsåre! I vårt nærområde skal menneske i alle aldrar ferdast til dagleg. Dette meiner me må vera førande for korleis ei opprusting av vegstrekninga her skal sjå ut. Slik landskap/topografi artar seg her, kan me ikkje sjå at dei standardmåla som det er lagt opp til med vegbreidde og mål for gang og sykkelveg kan la seg gjennomføra her utan å gjera stor skade på sjølve tettstaden Litlebergen. Me meiner at vegen gjennom Litlebergen ikkje kan ha gang og sykkelveg i tillegg til vegbreidde 275 + 275. I tillegg meiner me at det einaste rette med tanke på minimale inngrep i dyrka mark og terreng er å laga eit fortau til gåande og syklistar, evt eit sykkelfelt i køyrebanen, slik det er vanleg i bynære strøk. Det må også vera sjølvsagt med ei fartsgrense på *maks* 50 km gjennom tettstaden, og det må vera fartsdumpar der det fell naturleg at menneske kryssar vegen. Her bur det primært folk, sekundært er det ein veg som fører til andre områder der det også bur folk. Dette er ikkje primært ein gjennomfartsveg for industri og næring. Vegbreidda forbi eigedomen vår er svært stor slik vegen er forma no, og vi krev at ei sikring for mjuke trafikantar ikkje fører til at det vert lagt beslag på nytt areal til vegformål.

2: Dersom ein vil ha ein eigen gang- og sykkelveg, foreslår me at den vert lagt parallelt med hovudvegen i utmarka. Kart vedlagt (vedlegg 1 merkenr 1)som viser dette. I utmarka går det

per i dag sti og nokre stader veg langs ein tørrmura steingard (bøgarden = det gamle skiljet mellom innmark og utmark). Følgjer ein denne traséen, vil det også verta ei beinare strekkje for syklistane. I tillegg får ein i pose og sekk: Teke vare på kulturminne (ei gamal ferdselsåre og ein bøgard) og laga ein gang- og sykkelsti som folk vil nytta aktivt til turgåing. Steingarden vil måtte vølast, men her har vegvesenet allereie vist at ein kan ta tak og både byggja nytt og ta vare på det gamle (t.d. Vågsbotn). Ei anna mogleg løysing for gang- og sykkelveg, er å nytta vegen Litlebergen forbi Båtforeininga og laga ny gang- og sykkelveg langs sjølina mot Fosse.

3: Kart vedlagt (vedlegg 2) viser gardsdrift og tilkomst som me treng til eigedomen vår i samband med dette. Me driv med sau – gamalnorsk spelsau. Fjøs og vinterbeite ligg på vestsida av vegen, slåttemark og sommarbeite ligg på begge sider av vegen. Frå mai til oktober flyttar me sauene mellom 5 ulike beiteområde fordelt på bæe sider av vegen. Det må vera mogleg for oss å flytta dyra på same måte som me gjer i dag. I tillegg har me slåttemark på austsida av vegen, både små og store maskiner må ha lett tilkomst, og i innhaustinga kryssar me vegen hyppig både med traktor og folk. I vintersesongen går me til dyra 2 gonger for dagen. Då må det vera trygt både for vaksne og born å kryssa vegen heile året. FARTSGRENSE vert difor svært viktig. Me ser allereie i dag at bilane har problem med å respektera 50 km, særleg på det strekket som i dag er breiast, det gjeld særleg tungtransporten. Det må derfor fartsregulering og fysiske tiltak til for å seinka farten her. Og det er viktig at det ikkje blir laga til så brei og «god» veg at bilistane tenkjer at her er det trygt å passera utan å ta omsyn til aktiviteten langs vegen.

4: Avkøyrsel frå hovudveg til løe og til eigedomar på vestsida av vegen (26/5, 26/28, 26/29, 26/46, 26/72) må ikkje verta brattare eller ringare på nokon måte enn den er i dag. Tidlegare tiltak på vegen i vegvesenet sin regi har ført til ein dårlegare/farlegare avkøyrsel her enn den som var før. Dette er også einaste tilkomstveg til fjøs, utmark og eigedomar som er vist til her (sjå kart, vedlegg 2)

5: Viser til kart vedlegg 2, merknr. 1. Her er grind inn til eit av beiteområda våre. Dette er einaste tilkomst. Ei evt utviding av vegen må sikra tilkomst til dette beiteområdet, både for folk og dyr.

6: Viser til kart vedlegg 2, merkenr. 2. Dette er ei elv med delvis tørrmura elvemur. Me tenkjer å mura oppatt skadde delar av elvemuren, men vil ikkje gå i gang med dette før me veit kva vegvesenet tenkjer her. Me har søkt om og fått innvilga SMIL-midlar til å gjera ei sikring av elvekanten, for å hindra erosjon. Tidlegare vegutvidingar og endra elvelaup/manglande sikring har ført til at dette området i dag er utsett for jorderosjon.

7: Omsynet til jordvern må vera eit absolutt krav når Statens vegvesen, kommunale styremakter og andre planlegg vegutbetring. Me har allereie mist etter måten store stykke av dyrka mark ved førre vegutviding. Me treng kvar einaste kvadratmeter av jorda vår. Vegen

må difor ikkje føra til tap av matjord på vår eigedom, og skjer så gale at det vert grave vekk jord, skal den tilbakeførast til oss – dvs vi vil ha vår eige jord tilbake om noko skal fjernast. Dette må vera å sjå på som eit subsidiært krav. Det viktigaste er at tiltaket ikkje fører til fjerning av matjord i det heile.

8: Viser til kart, vedlegg 2, merkenr. 3. Førre reguleringsplan, frå 2009, viser eit altfor stort inngrep for utvida krysset/gjera sikta betre. Me set oss sterkt imot at det vert gjort inngrep i vår dyrka mark for å utvida dette vegkrysset, og foreslår andre sikringstiltak, td. vikepliktskilting/stoppskilt ved inngang til hovudveg. Me viser også til det som er nemnt ovanfor om redusert fartsgrense og fysiske hindringar som hindrar for høg fart.

9: Viser til kart vedlegg 2 merknr. 4. Fylkesvegen passerer i dag eit viktig kulturminne, ein jordkjellar (potetkjellar) som etter vår vurdering kan vera frå tidleg 1800-tal. Det er heilt uakseptabel at vegarbeida skal føra til skade på denne eller føra til at kulturminnet vert øydelagt. Jordkjellaren må takast vare på. Når det gjeld elvemurane i området, skal det her peikast på at det finst parti som er svært gamle. Det gjeld både elveforbygginga og minst to intakte hellebruer (ei tredje hellebru vart rasert i samband med førre utbygging). Nokre parti av dagens elvemurar skriv seg frå førre vegomlegging.

10: Viser til kart, vedlegg 3. gnr. 26, bnr. 127. Dette er eit beiteområde som me må ha tilgang til både med traktor/beitepussar og til å føra dyr inn og ut av området. Beiteområdet skal gjerdast inn (søkt og fått innvilga SMIL-midlar). Køyregrind er då avmerkt i vår plan 1*.

11: Viser til kart vedlegg 1 merknr. 2. Me leiger beiteområde hjå nabo Knut Aase, gnr. 25 bnr. 1. Dersom vegen gjer for store inngrep i desse områda, mister me verdifullt beiteområde, og me viser elles til at merknadene om jordvern ovanfor sjølvsagt gjeld fullt ut for denne og andre strekkjer innanfor reguleringsområdet.

12: Viser til kart, vedlegg 4. gnr 26, bnr 5, hagemur. Dette er eit kulturminne, ein tørrmura hagemur som ramma inn hagen til det gamle hovudhuset på garden. Huset som vart reist i siste halvpart av 1700-talet, brann ned i 1943. Hagemuren er frå same tidsperiode er å rekna som svært verneverdig. Me har fått stønad frå Kulturminnefondet og andre til å restaurera skadde delar av muren. Dette arbeidet er no i avslutningsfasen. Som ein kan sjå av kartet, ligg muren tett inn til kommunal veg som fører ned til det gamle kaiområdet og til båtforeininga og vidare opp til hovudvegen att (Vegnamn: Litlebergen). Me vil påpeika at dersom dette vert planlagt brukt som omkøyringsveg når arbeidet med fylkesvegen kjem i gang, vil muren vera svært utsett, og vi vil åtvara sterkt mot dette. Under bygging av ny veg ved sjø (Privat reguleringsplan – Kolstad) var det mykje tungtransport opp og ned her, og me såg tydelege setningsskadar i muren etter dette. Me vil også understreka at me er sterkt imot å utvida denne vegen på noko som helst slags punkt. Det skal også understrekast at denne gamle kommunevegen passerer gjennom og tett opp imot fleire tun og vert nytta til kommunikasjon mellom husa. Her ferdast eldre menneske og her bur og leikar små born! Vi

krev derfor at eventuell omkøyring må organiserast utanom denne vegen og at sikringstiltak må iverksetjast for å hindra ulykker.

13: Me vil gjerne invitera dykk til ei synfaring på eigedomen vår i veke 14. Ta kontakt for nærare avtale.

Frekhaug, 16.02.2017

Med helsing

Kristine Fluge og Haakon Aase,

Eigar av gards- og bruksnummer:
Gnr/bnr.: 26/5, 26/17, 26/28, 26/29, 26/46, 26/72, 26/117, 26/127

VEDLEGG (1)


X 6717900
X 6717600
X 6717300
Y 293100
Y 293400
Y 293700
Y 294000
N
17.02.2017
Målestokk 1:3000
Meland kommune

VEDLEGG (2)



17.02.2017
Målestokk 1:1000
Meland kommune
N
26/5
26/6
26/117
26/48
26/128
26/91
26/90
Y 293500
293400
X 6717700
X 6717600
Beite
Beite / Slåttemark
Beite
Traktor
Grind
Fjøs
Grind
GRIND
SAUER
BEITE-FLYTT

POTETKJELLAR

Merkenr. (4)
kart
vedlegg 2





S
26/23
26/5
27
26/8
26/6
29
16
18
163
26/90
N
17.02.2017
Målestokk 1:1000
Meland kommune

VEDLEGG NR 3




0 5 10 15m

Målestokk 1 : 750 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 16.02.2017

**GÅRDSKART** 1256-26/5

Tilknyttede grunneiendommer:
26/127 - 26/5 - 26/17

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 13 klasser

| TEGNFORKLARING | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|
| Fulldyrka jord | 7.6 | |
| Overflatedyrka jord | 1.4 | |
| Innmarksbeite | 7.0 | 16.0 |
| Skog av særs høg bonitet | 36.4 | |
| Skog av høg bonitet | 3.2 | |
| Skog av middels bonitet | 0.0 | |
| Skog av lav bonitet | 0.0 | |
| Uproduktiv skog | 0.0 | 39.6 |
| Myr | 0.0 | |
| Åpen jorddekt fastmark | 2.0 | |
| Åpen grunnlendt fastmark | 0.0 | 2.0 |
| Bebygd, samf, vann, bre | 4.7 | |
| Ikke klassifisert | 0.0 | 4.7 |
| Sum: | 62.3 | 62.3 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

☐ Eiendomsgrenser

VEDLEGG 4




0 5 10 15m

Målestokk 1 : 750 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 17.02.2017

**GÅRDSKART** 1256-26/5

Tilknyttede grunneiendommer:

26/17 - 26/5 - 26/127

**NIBIO**
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Helling jordbruksareal

| TEGNFORKLARING | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|
| Større enn 1:3 | 1.0 | |
| Mellom 1:5 og 1:3 | 1.7 | 2.7 |
| Mindre helling, samt andre areal | 59.8 | 59.8 |
| Sum: | 62.5 | 62.5 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

□ Eiendomsgrenser



Frå Sør

NGIR

Constrada AS
V/ Paul Skarsvåg
Nesttunvegen 102
5221 Nesttun

| *Saknr.:* | *Kommune:* | *gbnr.* | *Gardsnamn:* |
|---|---|---|---|
| *17-002* | *Meland* | *25/170 m.fl* | *Fosse-Moldekeliv* |

## Mindre endring av reguleringsplan

**Dokumentliste:**

| Dok. nr. | Inn/ut | Dato | Avsendar/mottakar | Planstatus | Saksh. |
|---|---|---|---|---|---|
| *2016/* | *Inn* | *16.01.2017* | *Statens vegvesen v/ Constrada AS/Paul Skarsvåg* | Oppstart av planarbeid | *HOK* |

NGIR mottatt varsel om oppstart av planarbeid, og har følgjande merknader:

**Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:**
I Meland kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 20. januar 2017

Henrik O. Kjøpstad

Henrik O. Kjøpstad
*-kunderådgjevar -*

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap | Bankgiro: 1503 36 30139 | NO 856 167 402 mva
Lindåsvegen 1260 | 5956 HUNDVIN | telefon 56 34 33 10 | telefax 56 36 36 80 | e-post ngir@ngir.no

Trykt på resirkulert papir.

Mottatt 26.02.2017

post@constrada.no

**Gjeld oppstart av reguleringsplanarbeidet for fv. 245 Fosse-Moldekleiv**

Meland formannskap hadde møte 22. februar 2017 og drøfta oppstart av detaljreguleringa av fv. 245 Fosse-Moldekleiv. Det var semje om at formannskapet sender ein merknad på vegne av Meland kommune.

Vi vil først minne om at det allereie ligg føre ein godkjent reguleringsplan for det meste av denne strekninga, frå Hatleberget til Moldekleiv. Vi meiner at det vidare arbeidet bør ta utgangspunkt i denne reguleringsplanen. Det vil ta omsyn til dei to hovudinnspela vi har til det vidare reguleringsarbeidet, vegstandard og framdrift.

1. Vegstandard
   På folkemøte i samband med oppstart av reguleringsarbeidet orienterte Statens vegvesen om at standarden som var valt vil gi ein trase på 12-13 m. Det vart samstundes sagt at dette nok ville vere uråd å få til alle stader langs traseen. Vi meiner at fleire omsyn tilseier at ein må velje ein trase som er maksimalt 9-10 m. Dette vil ta omsyn både til naturen traseen går gjennom, og til det spesielle kulturlandskapet som vi har i Litlebergen-området. Vi er kjent med at det er vegeigar, i dette tilfellet Hordaland fylkeskommune, som avgjer vegstandard, og vi vil ta initiativ til at HFK veljer ein annan vegbredde enn det som vart presentert på folkemøtet.

2. Framdrift
   På folkemøtet vart det presentert ein framdriftsplan som antyda oppstart på prosjektet i 2020 og vegopning i 2022. Dette er, slik vi ser det, ein altfor defensiv tidsplan. Bebuarane i området har hatt ein meir eller mindre ferdigregulert vegstrekning sidan 2009, og slik vi har oppfatta det har det heile tida vore snakk om oppstart på prosjektet i 2018 (arbeid i feltet). Dette målet meiner vi framleis må stå ved lag.

Med å ta utgangspunkt i den allereie godkjente reguleringsplanen frå 2009 vil ein kunne i møtekomme begge desse innspela på ein god måte. Vi forventar at plankonsulenten vurderer dette i det vidare arbeidet. Vi vil samstundes be om at det blir gjeve fortløpande løypemedingar til formannskapet, der det blir gjort greie for status for framdrift.

For formannskapet i Meland kommune,

Øyvind H Oddekalv
ordførar

Nils Marton Aadland
varaordførar

Varsel om oppstart av planarbeid
Detaljregulering FV 245 Fosse – Moldekleiv, Meland kommune

**Merknader og opplysninger – til Constrada v/Paul Skarsvåg**

---

Vi viser til tilsendt varsel om oppstart av planarbeid for FV 245 Fosse – Moldekleiv.
Innledningsvis er det overraskende at det er valgt å sende ut varsel om en helt ny reguleringsplan for FV 245, basert på at det allerede foreligger en godkjent reguleringsplan for store deler av strekningen fra Hatleberget til Moldekleiv. I tillegg kommenteres vegstandard og tidsplan.

**Regulering av FV 245**
Det foreligger en godkjent reguleringsplan fra 2009 for store deler av strekningen, fra Hatleberget til Moldekleiv. I lys av at dette er et prioritert prosjekt, jmf blant annet felles prioriteringsliste for tiltak i nordhordlandspakken fra kommunene og informasjon gitt i varsel om oppstart, samsvarer ikke dette i det hele tatt med den tidsplanen som ble lagt frem på folkemøtet. I tillegg vil en NY regulering nødvendigvis medføre betydelige merkostnader.
Vi vil derfor foreslå at det bygges videre på eksisterende reguleringsplan, og foreta nødvendige endringer i denne.
I tillegg må Fossekrysset og strekningen fra Fossekrysset til Hatleberget reguleres uansett. Dog har dette tiltaket en lavere prioritet på listen over prosjekter under nordhordlandspakken (delprosjekt 12), og kan/vil utføres senere.

**Vegstandard**
Det er i godkjent reguleringsplan fra 2009 lagt opp til en total veibredde på 8,5 – 9 m. I forslaget som ble presentert på folkemøtet er det lagt frem en veibredde på 12,5 – 13 m.
Veistrekningen har i dag en lav trafikkmengde. Denne vil nok øke med videre utvikling, men behovet vil likevel være begrenset i mange tiår fremover. I tillegg er veistrekningen smal på flere steder, hvor det uansett vil være behov for å tilpasse til terrenget.
En minimum bredde for kjøreveg og gangvei er derfor å foretrekke og anbefale. Vi foreslår derfor å opprettholde total veibredde fra godkjent reguleringsplan. I den grad det er behov for dispensasjon burde det ikke være problem å få.

**Tidsplan for utviklingen**
Det er mange som har ventet lenge på utbedring av denne veistrekningen. Utbedring ble allerede lenge før 2010 knyttet til Nordhordlandspakken. Det er flere grunner til at det haster med å få utbedret veistrekningen, blant annet:

- Det har vært bygge- og deleforbud på strekningen i lang tid. Dette er i seg selv uholdbart
- Det er sikkerhetsmessig behov for utbedring
- Strekningen er ansett som svært viktig å prioritere; derfor står den også på første plass (3. plass totalt) på prioriteringslisten for vegprosjekter i Meland kommune

Formannskapet i Meland kommune fikk en orientering om status for nordhordlandspakken i sitt møte den 31. august 2016. Her ble det fra formannskapets side gitt klare meldinger om at det er ønskelig med oppstart senest i begynnelsen av 2018. Utgangspunktet har vært at oppstart av arbeidet med veiutbyggingen skje så snart nordhordlandspakken er besluttet i Stortinget. Basert på mottatte informasjoner er det planlagt i løpet av våren 2017.

Det er planlagt oppstart av bompengeinnkreving i 2018. Da er det viktig at prosjektene er i gang først. Og det første prosjektet på prioriteringslisten er som nevnt dette.
Det eneste som har skjedd siden møtet den 31. august 2016 er at det 17. januar 2017 er varslet oppstart av NY regulering. Og tidsplanen som ble presentert på folkemøtet står i stor kontrast til de føringer som er gitt av politikerne/formannskapet, til behovet og til de informasjoner og forventninger som er gitt til involverte.

Derfor er det helt nødvendig å finne mye enklere og mer effektiv prosess for ferdigstilling av nødvendig reguleringsplan før oppstart. Dette er noe alle eller de fleste involverte/berørte er opptatt av, og så vidt vites vil bidra til.
En helt NY reguleringsplan tar tydeligvis mye mer tid enn bare å gjøre nødvendige endringer i den allerede eksisterende reguleringsplanen.
Ved å endre eksisterende reguleringsplan kan vegarbeidet på strekningen startes opp så snart endringer er vedtatt. Oppgradering av Fossekrysset har en lavere prioritet, og kan dermed utføres etter dette.

Meland kommune er eier av reguleringsplan for FV 245, og skal gjøre vedtakene. Vi forventer at de føringer som er gitt fra politikerne/formannskapet i kommunen vil bli overholdt.

Dersom det fremkommer ny informasjon i denne saken i tiden fremover, vil vi meddele dette.

Med vennlig hilsen
for Sundet Utvikling AS
(*sign*)
Arne Giertsen